og Marit Karlberg på Holsete
22. Dans i Hallen med Voss swingklubb, Voss
25. Konsert med Slomosa og Duesund, Hedleberget, Voss
25.-27. Litteraturfestivalen Langs linjo, Kapellankåken, Voss
26. Konsert med Tuning Expedition, som fortel om og spelar Al Jarreau, Elvatun, Ulvik

September
5. Dans i Hallen med Voss swingklubb, Voss
6. Voss Senioruniversitet: Prorektor NLA Høgskolen Torgeir Landro: «Fra Voss til Moster - om Olav den helliges kristningsferd 1023/1024», Vossasalen, Park Hotel
8. Konsert med Wenche Myhre, Voss idrettshall
15. Konsert med Styve Brass og Søstrene Daugstad Wik, Evanger kyrkje
15.-17. Den Forvitnelege Countryfestivalen
16. Plateslepp med Djønne & Børsheim, Strand Fjordhotel, Ulvik
17. Konsert «Slipp mine fløyter fri» med søramerikanske Altiplano og Hardanger KorAkademi, Ålvik kyrkje og Gamlekinoen på Voss.
19. Seniortreff i Vonheim: Korleis få til eit eldrevenleg samfunn på Voss? - med Liv Jorunn Solstad.
19. Dans i Hallen med Voss swingklubb, Voss
22. Konsert med Fadnes, Strand Fjordhotel, Ulvik
23. Konsert med Slaamaskin, Inside, Voss
27. Voss Senioruniversitet: Statsvitar og USA-ekspert Hilmar Langhelle Mjelde: «Presidentvalg og kaos i amerikansk politikk: hva vil skje i USA i 2024?», Vossasalen, Park Hotel
30. Plateslepp med Uttrågata blueslag. Shades of Blues, K70 og Dumpster Divas spelar også, Gamlekinoen, Voss

Akkordeonfestival på Voss – for femte gong

– Dei besøkjande frå utlandet kjem alltid til vossabygda med store auge og dei synest det er alle tiders å vera her.

Svanhild Bøe
sb@avisa-hordaland.no



MUSIKALSK: – Det er kjekt å kunna vera eit bitte lite hjørne av musikkhistoria, seier Draugsvoll. Her saman med Hanzhi Wang i 2018.
ARKIVFOTO: BJØRN SANDNES

1.-6. august går musikkfestivalen NordAccordion 2023 av stabelen for femte gong på Voss.

Professor og akkordeonist Geir Draugsvoll fortel at det ikkje er tilfeldig at akkurat Voss er møteplassen.

- Akkordeon har vore ein sterk tradisjon her lenge.

Kjem frå heile verda

- Me hadde nokre litt sløve koronaår, men no er me tilbake med fullt køyr, fortel initiativtakar Draugsvoll.

I tillegg til stjerner frå heile verda, kjem det også om lag 20 elevar frå kring 8-10 ulike land som skal få undervisning her. Draugsvoll fortel at det var sterk tradisjon å spela akkordeon på Voss før, og dette er noko av grunnen til at han ynskjer å arrangera festivalen her.

- Olav Ullestad var lærar på musikkskulen på Voss. Han var ei drivkraft for at unge skulle halda på med musikk. Slik har han sett spor i vossabygda då han har markert instrumentet på ein klassisk måte.

Draugsvoll seier at han ynskjer å dyrka opp under tradisjonen som Olav Ullestad heldt fast i før han gjekk bort. Han fortel at festivalen på sikt også skal ha barnekonsertar, også for å plukka opp under dei tidene som har vore.

– Ikkje eit sosial instrument

- Saman med meg har eg mange gode støttespelarar, spesielt Ida Løvli Hidle. Ho kan ein gjerne kalla ein administrativ leiar, medan eg er den kunstnariske leiaren. Me ynskjer å skapa ein festival som er ei inspirasjonskjelde for unge akkordeonistar, for og samlast, og ha det kjekt saman.

Han fortel at målet sjølvsagt også er at ein skal læra så mykje som råd. Det kjem nemleg fleire professorar frå mellom anna Finland, Japan og Russland. Draugsvoll peikar på at Noreg manglar akkurat denne delen i musikkmiljøet.

- Ein kan finna gode miljø for unge akkordeonistar mange andre stader i verda, og eg ynskjer at dei skal kunna samlast i Noreg også. Det er jo mange som held på med det, og målet mitt er at dei skal vita at dei ikkje sit åleine. Det er ikkje eit spesielt sosial instrument, og derfor er det viktig og samlast slik som her, understrekar Draugsvoll.

Hekta som ung

Draugsvoll var svært tidleg ute når det kom til kjærleiken for akkordeon. Alt som barn vart han hekta.

- Eg hugsar svært godt korleis eg kom inn i miljøet. Mor mi var lærar på Sundve skule, og då var me med på ein basar der det spelte nokre akkordeonistar. Eg synest det var veldig fint, eit instrument med så mange knappar! Det var også kjempespennande å sjå på.

Han fortel at han så spurde mor si om dette var noko han også kunne få lov til å spela. Då tok det ikkje lang tid før han sat i klasserommet hjå Olav Ullestad.

- Då fann eg ganske fort ut at dette var skøy, og at dette skulle bli min leveveg. Eg brukte mykje tid på dette då eg var yngre, og det var ein heilt eigen måte å uttrykka fantasien min på, fortel Draugsvoll.

Musikalsk familie

Då han vart eldre reiste han til København og studerte under ein professor han kallar «legenda Mogens Ellegaard». Ellegaard vart etter kvart ein stor inspirasjon for Draugsvoll.

- Utdanninga gjekk svært fint, og etter kvart opparbeidde eg meg ein god karriere. Eg har spelt med fleire internasjonale orkester, mellom anna London Symphony, og andre orkester over heile verda. Samstundes har eg heldt ein lærarstilling i København, og der er eg no professor med elevar frå mange ulike land.

Draugsvoll har etablert seg i Danmark med dansk kone og barn som også er svært musikkinteressert.

- Dotter mi er pianist og spelar faktisk på Stalheim Hotell kvar sommar, opplyser han.

Draum i oppfylling

Det er altså ingen tvil om at akkordeon har stått hjartet til Draugsvoll nært lenge. Draumen om å arbeida med instrumentet gjekk i oppfylling, noko han er storfornøgd med.

- Eg synest personleg at det er kjempeinspirerande å arbeida med levande materiale, slik eg gjer med menneske som gjerne vil utvikla seg, og har gode interaksjonar. Det er kjekt å kunna vera ein del av deira utvikling, fortel han.

Draugsvoll understrekar at han synest det er innhaldsrikt å vera musikar. Det å få uttrykt tankar, kjensler og uttrykk på ei scene der ein vanlegvis ikkje ville brukt ord synest han er utruleg givande.

- Det er kjekt å kunna vera eit bitte lite hjørne av musikkhistoria, seier han.

Alle tiders på Voss

Med ei lang karriere er det vanskeleg for han å trekkja fram det han kjenner på som den mest spesielle opplevinga. Likevel kan han ikkje lata vera å peika på då han turnerte med London Symphony.

- Eg var solist med det orkesteret, og det var litt av ei oppleving. Då spelte me nokre av dei komponerte verka til den russiske komponisten Sofija Asgatovna Gubajdulina, som også er ei stor inspirasjonskjelde for meg.

No er han klar for nokre spennande dagar på Voss.

- Eg gler meg fyrst og fremst til å koma i gang, og det trur eg alle dei andre gjer også. Dei besøkjande frå utlandet kjem alltid til vossabygda med store auge og dei synest det er alle tiders å vera her.